Sveio kommune

Infrastruktur Sveio barnehage
SHA-plan

Versjonsnr.	Dato	Hovedtrekk endringer	Endret av
0	16.06.2026	SHA plan til Anbod.	AE

Viktige telefonnummer:

Ambulanse 113

Politi 112

Brann 110

Innhald

1 Byggeplassbestemmelsar 4
2 Aksjonsplan ved ulykke 6
FØRSTEHJELP VED PERSONSKADE 6
VED BRANN 6
VED AKUTT FORURENSNING 6
3 Om prosjektet 7
3.1 Skildring 7
3.2 Organisasjonsplan 7
4. Risikoanalyse 9
4.1 Formål og metode 9
4.2 Overordna risikobilete i prosjektet 9
4.3 Identifiserte risikohendingar – personar 9
4.4 Identifiserte risikohendingar – miljø og materiell 10
4.5 Handtering av særleg risikofylte forhold 11
4.6 Samordning og vidare oppfølging 11
5 Handlingsplan 11
5.1 Formål og avgrensing 11
5.2 Tiltak knytt til særleg risikofylte arbeid 13
5.3 Oppfølging og kontroll 15
6. Generelle SHA og HMS- tiltak 16
7 Rutinar 17
7.1 ID-kort 17
7.2 Mannskapsliste 17
7.3 Vernerundar 17
7.4 Avviksbehandling 17

1 Byggeplassbestemmelsar

VÅRT MÅL ER INGEN SKADAR, derfor er det nokren forpliktande bestemmelser for byggeplassen:

1. SHA – plan for byggeplassen

Alle arbeidstakarar på byggjeplassen er forplikta til å gjere seg kjent med innhaldet i planen.

2. Personleg verneutstyr

Byggeplassen har påbud om hjelm og personleg verneutstyr. Hjelm og vernesko/støvlar skal benyttes i alle situasjoner på byggeplassens område. Hørselsvern, augevern, støvmasker, hanskar, etc. skal benyttast når situasjonen krev det, jf. Instruksar prosedyrer for entreprenør og eller ihht SJA.

3. Maskinelt utstyr

Før maskinelt utstyr tas i bruk skal sikkerheitsanordningar kontrollerast, og berre personell med nødvendig doumentert opplæring skal nytte utstyret.

3. Trafikkavvikling

Entreprenøren er ansvarleg for all midlertidig trafikkomlegging i heile anleggsperioden. Alle gang- og kjøreareal som blir berørt av entreprenøren sin virksomhet i anleggsperioden (gjelder både private og offentlige areal), skal sikrast mot anleggsvirksomheten. Tilkomst til eksisterande bebyggelse i området skal tilstrebast å haldas open i heile anleggsperioden, evt må dette avklarast med eigar av berørt eigedom ved behov for midlertidig stenging.

Entreprenør er ansvarlig for varsling og skilting og skal følgje krav gitt av kommune og Vestland fylkeskommune. Ein skal ta særleg omsyn til mjuke trafikantar (ved Fjellstad og g/s veg langs Fv 47 nær Krossleite)

4. Eksisterande kablar og leidningar:

Det skal gjennomførast kabelpåvisning (entreprenør sitt ansvar). Det er entreprenørens sin fulle ansvar å sikre alle kablar og leidningar forsvarlig i bygge- og anleggsperioden.

Entreprenøren står fritt i å velje metode for sikring, men før arbeida starter opp skal forslag til sikring leggast fram for eigarar av leidnings- og kabel for godkjenning.

5. Vernerundar:

Det skal gjennomførast jamlege vernerundar. Kopi av utført vernerunde skal sendast byggherre.

6. Forhåndsmelding arbeidstilsynet:

Det er sendt forhåndsmelding til arbeidstilsynet ref BHF. §10.

7. Sanitære forhold

Byggebrakke skal koplast midlertidig til offentleg vatn, avløp i tett tank. Brakke og toalett skal reingjerast jamleg.

8. Stillaser/rekkverk/utsparing

Stillaser skal kun endrast på av personell med godkjent opplæring. Rekkverk og tildekking av utsparingar må ikkje fjernast uten at dei settes på plass igjen.

9. Stigar

Stillas eller arbeidsplattform skal prioriterast der arbeidet tilseier dette. Dersom slike løysingar ikkje kan nyttast og ein må bruke stigar, skal stigene sikrast (festast) mot utglidning. Stigar skal berre brukast til mellombels arbeid eller adkomst. Stigar skal rekke minst 1 meter over kant.

10. Varme arbeider

Før risikofylte varme arbeider igangsetjast skal det foreligge tillatelse. Nødvendige brannverntiltak ska vera etablert i henhold til instruks.

11. Kjemikalier og stoffer

Ved håndtering av ukjende stoffer og kjemikalier skal nødvendig verneutstyr benyttast. Produktblad finnes hos anleggsleiar.

12. Glatt underlag

Vær særlig merksam når underlaget er glatt å bevege seg på som følge av snø/is eller etter nedbør. Det skal gjerast tiltak for at folk ikkje glir i adkomstvegar.

13. Lysforhold

Sørg for gode lysforhold både på arbeidsstaden og adkomstvegar. Ein skal unngå lysforurensning om natta.

14. Rydding/reinhald

Alle entreprenører/arbeidstakerar skal rydde etter eiget arbeid. Avfall skal sorterast og kastast i samsvar med avfallsplan eller rutine. Bidra til å holde brakke ryddig og ta omsyn til reinhald. Når bygget får status som ”rent bygg ” gjeld eigne rutinar for rydding og reinhald. Byggherren vil leggje vekt på at arbeidsplassen til ein kvar tid skal framstå som oversiktlig og ryddig. Generelt gjeld at anleggsområda skal sikrast på den mest betryggande måte mot uhell og ulukker.

15. Miljø og ureining

Arbeid som kan medføre risiko for ureining av grunn, vatn eller omgjevnader skal planleggjast og utførast slik at fare for skade på personell, miljø og omgjevnader blir minimert.
Hendingar med akutt ureiningsfare skal reknast som uønskt hending på byggeplassen og handterast i samsvar med gjeldande beredskaps- og varslingsrutinar.
Detaljerte krav og tiltak knytt til ytre miljø går fram av prosjektet sin YM-plan og tilhøyrande miljøplanar.

16. Omsyn til natur og friluftsområder

Byggeplassen ligg i eit område med verdiar knytt til natur og friluftsliv. Arbeidet skal gjennomførast på ein mest mogleg skånsam måte, med mål om å avgrense inngrep i terreng og vegetasjon til det mest nødvendige. Ein skal unngå unødvendige terrenginngrep og varige sår i naturen. Arbeidet skal utførast i samsvar med føringar og krav i prosjektet sine YM-planar og tilhøyrande miljø- og landskapsplanar.

2 Aksjonsplan ved ulykke

FØRSTEHJELP VED PERSONSKADE

1. Sikre skadestaden
2. Sikre frie luftvegar
3. Dersom bevistlaus og pasient ikkje pustar:
    - Start hjarte-lungeredning
    - 30 kompresjonar, 2 innblåsingar
    - Repeter til helsepersonell kommer
4. Ved blødningar
    - Stans blødning (trykkbandasje)
5. Hald den skadde varm
6. Ring 113 (AMK) så snart som mogleg
7. Varsle anleggsleiar, arbeidstilsyn, byggherre og verneombud.

VED BRANN

1. Redd (dersom sikkert) ut eventuelt innesperra personar
2. Utløys brannmelder dersom det finns.
3. Ring 110 (brann) så snart som mogleg.
4. Start slokking med tilgjengelig slokkeutstyr dersom det er trygt. Vurder spredningsrisiko og forsøk å avgrense brannen.
5. Varsle anleggsleiar, byggherre og verneombud.

VED AKUTT FORURENSNING

1. Sikre eiga og andre sin tryggleik. Stans arbeid i området og bruk naudsynt verneutstyr.
2. Ring 110 (brann) straks og meld frå om akutt forureining.
3. Stans utsleppskjelda så raskt som mogleg dersom dette kan gjerast utan fare for personell.
4. Avgrens spreiing**,** særleg mot vatn og vassdrag, ved bruk av absorberande materiell, lenser, stenging av ventilar o.l.
5. Varsle anleggsleiar, byggherre/SHA-koordinator og verneombod.
6. Hendinga skal loggførast, og vidare oppfølging skal skje i samsvar med prosjektet sin YM-plan og gjeldande regelverk.

3 Om prosjektet

3.1 Skildring

Prosjektet omfattar etablering av infrastruktur i samband med utbygging av Sveio barnehage. Arbeidet inkluderer VA-anlegg, veg og trafikkareal, drenering, teknisk infrastruktur og opparbeiding av uteområde.

Det skal etablerast nye leidningsanlegg for avløp, inkludert grøftearbeid, legging av røyr, kummer og tilkopling til eksisterande system. Arbeidet omfattar òg vegbygging med tilhøyrande gang- og sykkelvegar, fortau, parkeringsareal og asfaltdekke .

Vidare omfattar prosjektet dreneringstiltak, kabelgrøfter og tilrettelegging for tekniske installasjonar, samt opparbeiding av grøntanlegg med terrengforming og planting .

Anlegget skal gjennomførast i eit område med eksisterande trafikk og nær busetnad, noko som krev god planlegging, trafikkavvikling og sikring av omgjevnadene i anleggsperioden.

3.2 Organisasjonsplan



Organisasjonsplanen viser rollene og ansvarsfordelinga for prosjektet i utføringsfasen. Alle verksemder som deltek i arbeidet pliktar å forhalde seg til denne organisasjonsstrukturen og til byggherre sitt SHA-system. Eventuelle endringar i organisering eller nøkkelroller skal meldast til byggherre og SHA-koordinator og oppdaterast i SHA-planen.

Alle entreprenørar skal i tillegg til denne SHA-planen ha eige HMS-system og gjennomføre eigne risikovurderingar og sikker jobb-analysar for arbeid innan eigen kontrakt.

Hovudentreprenørar skal peike ut sin anleggsleiar med overordna ansvar for dagleg oppfølging av SHA på byggeplassen for sin entreprise.

4. Risikoanalyse

4.1 Formål og metode

Denne risikoanalysen er utarbeidd som ein del av SHA-planen for utføringsfasen og har til formål å identifisere, vurdere og handtere risikoforhold som kan medføre fare for liv, helse og arbeidsmiljø under gjennomføring av prosjektet.

Risikovurderinga er basert på kjende arbeidsoperasjonar i prosjektet, erfaringstal frå tilsvarande arbeid, samt dokumentasjon frå plan- og prosjekteringsfasen. Vurderinga omfattar både risiko for personskade og risiko knytt til hendingar som kan ha konsekvensar for miljø og materiell, der desse forholda også kan påverke sikkerheit og helse på byggeplassen.

Risiko er vurdert etter ein skala for:

- **konsekvens** (0–5)
- **sannsyn** (0–5)

Risikonivå er uttrykt som produkt av konsekvens og sannsyn, og delt i grøne, gule og raude risikonivå.

Påverknadspoeng		Forklaring	Sannsynspoeng		Forklaring
0	Ingen påverknad	Ingen skade	**0**	Ikkje sannsynt	Nesten umulig
1	Mindre farleg	Liten personskade	**1**	Lite sannsynt	Vil truleg aldri skje.
2	Farleg	Personskade m/fravær	**2**	Mindre sannsynt	Vil truleg ikkje skje.
3	Særs farleg	Alvorlig personskade /ytre konsekvens	**3**	Sannsynt	Kan skje ein gang i anleggsperioden.
4	Kritisk farleg	Varige mèn eller stor ytre påverknad.	**4**	Meir sannsynt	Kan skje fleire ganger i perioden.
5	Katastrofalt	Ein/fleire liv går tapt.	**5**	Særs sannsynt	Kan skje kvar dag/veka.

4.2 Overordna risikobilete i prosjektet

Prosjektet omfattar fleire aktivitetar som inneber særleg risiko i utføringsfasen, mellom anna:

- Arbeid i nærleik av køyrande og gåande
- Køyring av tunge køyretøy i sentrumsareal
- Arbeid i nærleik av påkopla straumledningar
- Potensielt sprengningsarbeid i sentrumsområder
- Forureinging av matjord
- Skade på kritisk infrastruktur

4.3 Identifiserte risikohendingar – personar

Tabellen under viser identifiserte risikohendingar som kan påverke personell på byggeplassen. Vurderinga er retta mot utføringsfasen og dei faktiske arbeidsoperasjonane i prosjektet.

Typiske risikohendingar omfattar mellom anna:

- fall frå høgde (stillas, tak, lift)
- fallande gjenstandar
- klem- og påkøyrsleulykker
- ras i grøfter
- arbeid med straum og tekniske installasjonar
- sprengingsarbeid og eksplosjonsfare
- tunge løft og transport av prosessutstyr
- samtidige arbeid med samordningsrisiko

Raude og gule risikopunkt skal følgjast opp med særskilde førebyggande tiltak i utføringsfasen.

Hending	Påverknad		Sannsyn		Poeng
Støt/slag	2	X	3	=	6
Fallande gjenstander	3	X	2	=	6
Fall frå høgde (stillas, tak, lift)	3	X	2	=	6
Farlege stoffer	2	X	2	=	4
Splinter	3	X	2	=	6
Klem og påkjørsel	4	X	3	=	12
Trafikkulykker	5	X	3	=	15
Straum	3	X	3	=	9
Fall	2	X	2	=	4
Støy	3	X	2	=	6
Støv	2	X	3	=	6
Eksplosjon v/sprenging	5	X	2	=	10
Samtidig arbeid samordningsrisiko	3	X	2	=	6
Drukning	5	X	1	=	5

4.4 Identifiserte risikohendingar – miljø og materiell

Risiko knytt til miljø og materiell er vurdert med fokus på hendingar som også kan medføre fare for liv og helse eller påverke sikker drift på byggeplassen.

Særleg relevante risikoforhold omfattar:

- Klem og påkjørsel
- Trafikkulykker
- Skadar på infrastruktur og tekniske installasjonar
- Vasskade frå overvatn

Hending	Påverknad		Sannsyn		Poeng
Forureining					
Luft	1	X	1	=	1
Vatn og vassdrag	3	X	2	=	6
Jord	3	X	3	=	9

Estetisk	1	X	1	=	**1**
Materiell					
Brann	3	X	1	=	**3**
Vannskade	2	X	4	=	**8**
Eksplosjon	3	X	3	=	**9**
Havari	1	X	4	=	**4**
Innbrudd/stjeling	3	X	2	=	**6**
Infrastruktur	3	X	4	=	**12**

4.5 Handtering av særleg risikofylte forhold

Risikohendingar med raudt eller gult risikonivå skal handterast gjennom:

- planlegging av arbeidsoperasjonar
- bruk av sikre arbeidsmetodar
- tekniske tiltak og fysisk sikring
- samordning mellom entreprenørar
- krav til kompetanse og opplæring
- bruk av arbeidstillatelser, SJA og prosedyrar der dette er relevant

Tiltak og ansvar er nærare omtala i vidare kapittel i SHA-planen, samt i entreprenørane sine eigne styringssystem.

4.6 Samordning og vidare oppfølging

Risikoanalysen er eit levande dokument og skal oppdaterast ved:

- endringar i framdrift eller metode, nye arbeidsoperasjonar, avvik, nestenulykker eller uønska hendingar

Raude og gule risikoforhold skal inngå som grunnlag for:

- særskilt risikovurdering i utføringsfasen
- oppfølging i byggemøte
- kontroll av gjennomførte tiltak

SHA-koordinator i utføringsfasen har ansvar for at risikoanalysen blir følgt opp og revidert ved behov.

5 Handlingsplan

5.1 Formål og avgrensing

Denne handlingsplanen er utarbeidd med utgangspunkt i risikoanalysen i kapittel 4 og gjeld for **raude og gule risikopunkt (≥ 8 risikopoeng)** som er identifiserte i prosjektet.

Formålet med handlingsplanen er å sikre at særleg risikofylte arbeidsoperasjonar blir:

- planlagde på førehand
- samordna mellom involverte verksemder
- gjennomførte på ein trygg og forsvarleg måte i utføringsfasen

Tiltaka i handlingsplanen skal gjennomførast i samsvar med:

- entreprenørane sine eigne HMS-system, prosedyrar og instruksar
- gjeldande regelverk
- krav fastsett i SHA-planen, YM-planen og øvrige styrande dokument i prosjektet

Detaljert utføring av tiltaka skal skje gjennom:

- HMS-plan
- sikker jobb-analyse (SJA)
- arbeidstillatelser og metodebeskrivingar der dette er relevant

5.2 Tiltak knytt til særleg risikofylte arbeid

Hendelse	Risiko (ref. kap 4)	Tiltak	Ansvarleg
Klemskade, tunge løft, påkøyrsel av maskinar	Klem under/mellom maskin, utstyr og materiell.	Arbeidsvarslingsplan, sikring med byggegjerde.	Hovudentreprenør
Påkøyrsel og trafikkulykker	Påkøyrsel av tunge maskinar.	Arbeidsvarslingsplan. Det skal være god skilting på området. Bruk av sperrebånd og kjegler om det arbeides nært arbeiderar som ikkje er ein del av operasjonen. Det skal sikrast parkering og tilkomst for kommunehuset. Minimum 40 parkeringsplassar. Adskilt tilkomst for gåande og køyrande til parkeringsplassar. **Området er sentrumsområde og skuleveg for mange born og arbeidsvarslingsplan og tiltak må ta omsyn til gangtrafikk. Køyring med tunge køyretøy skal ta særleg omsyn til kryssande trafikk.**	Hovudentreprenør
Straum	Støt frå høgspentkabel i bakken	Det arbeidast i nærleik av straumførande kabel med høgspent. Det skal gjennomførast kabelpåvisning og arbeidast forsiktig i området. Avsperring	Hovudentreprenør
Sprengning	Skade på personar og matriell.	Godkjend sprengingsplan. Varsling før sprenging. Fysisk sikring av området. Eiga SJA før oppstart.	Hovudentreprenør
Jord	Forureininga av landbruksjord	Skånsom avgraving, lagvis sortering på anleggsområde. Avstand lagring av kjemikalier.	Hovudentreprenør
Overvatn	Overvatn frå tomt fører til skade	Plan for håndtering av overvatn som følge overvatn frå anleggsområdet og manglande fordrøyning.	Hovudentreprenør

Infrastruktur	Brudd på kritisk infrastruktur som vatn, avløp og straum.	SJA, kabelpåvisning.	Hovudentreprenør

5.3 Oppfølging og kontroll

Tiltaka i handlingsplanen skal følgjast opp som ein del av den daglege SHA-oppfølginga på byggeplassen, mellom anna gjennom:

- byggemøte
- vernerundar
- oppfølging frå anleggsleiar og SHA-koordinator

Eventuelle avvik, nye risikoforhold eller behov for nye tiltak skal:

- meldast i avvikssystemet
- behandlast utan ugrunna opphald
- følgjast opp av rette ansvarlege

Handlingsplanen skal oppdaterast ved:

- endringar i metode, framdrift eller organisering
- nye arbeidsoperasjonar
- alvorlege avvik, nestenulykker eller uønska hendingar

Handlingsplanen i dette kapittelet er direkte basert på risikoanalysen i kapittel 4.

6. Generelle SHA og HMS- tiltak

1. **HMS plan**
   Totalentreprenørar skal i samråd med alle entreprenørane utarbeide ein detaljert HMS plan for prosjektet (for sin entreprise) for å konkretisere relevante tiltak som må utførast i prosjektet. Denne planen skal følgje opp risikopunkt og moment frå blant anna SHA plan, trafikksikringsplan og ytre miljøplan. Den skal også følgje opp alle krav i lov, forskrift, overenstemmelser og praksis.
   HMS-planen skal vere kjent for alle verksemder og arbeidstakarar på byggeplassen før oppstart av arbeid.

2. **Synlegheitstøy**
   Det skal nyttast synlegheitstøy etter *NS-EN ISO 20471, klasse 3*.

Synlegheitstøy etter NS-EN ISO 20471

Klasse 1	Klasse 2	Klasse 3
Fluorescerande areal: 0,14 m^2 Reflekterande areal 0,10 m^2	Fluorescerande areal: 0,50 m^2 Reflekterande areal 0,13 m^2	Fluorescerande areal: 0,80 m^2 Reflekterande areal 0,20 m^2

3. **Atkomst til anleggsområdet**
   Det skal sikrast at det ikkje kjem uvedkommande til anleggsområdet ved Forevatnet, dette bør gjerast med bruk av port knyt til byggekortlesar.

4. **Sikker jobb analyse(SJA)**
   Det skal gjennomførast sikker jobb analyse(SJA) ved alt arbeid som er skildra i handlingsplanen. Det skal også gjennomførast SJA ved arbeid som ikkje er dekka av rutinen til entreprenør eller om det er arbeid ein ikkje er kjent med eller vanlegvis ikkje gjennomfører.

7 Rutinar

7.1 ID-kort

I samsvar med krav i Forskrift om identitetskort (id-kort) på bygge- og anleggsplassar skal alle som utførar arbeid på bygge- og anleggsplassen bæra synleg og godkjent ID-kort. Alle arbeiderar skal registrere seg på byggeplass ved ankomst og avregistrere seg når dei drar.

7.2 Mannskapsliste

I samsvar med krav i Byggherreforskriften skal det førast daglege oversiktslister over kven som utfører arbeid på bygge- og anleggsplassen. Det er anleggsleiar/byggeplassansvarleg som har plikt å følgje opp kven som er på plassen. Desse listene skal være elektroniske og gjerast tilgjenglege for byggherre utan oppfordring.

7.3 Vernerundar

Hovedbedrift avholder vernerundar med påfølgande møte kvar veke så lenge det pågår arbeid på plassen. Hovdebedriften skal føre protokoll frå vernerundane og henger denne opp. Alle entreprenørane har plikt å delta på møte. Det skal nyttast skjema etter anvisning frå byggherre.

7.4 Avviksbehandling

Avvik fra SHA-planen skal rapporterast til byggherrerepresentant. Byggherre, anleggsleiarar og arbeiderar skal melde avvik. Hovedentreprenør skal følge opp alle avvik innafor sin entreprise, og sørge for at avvik blir behandla og lukka. Alle avvik og behandlinga av desse skal rapporterast til byggherre. Totalentreprenørar skal i samråd med byggherre opprette eit eige avvikssystem på byggeplass som alle avvik skal registrerast i.